

Firdaposten

SENTRALBORD

57 75 73 00

TIPSTELEFONEN

57 75 73 28

NETTAVIS

firdaposten.no

BESØKSADRESSE

Strandgata 15,
6905 Florø

POSTADRESSE

Strandgata 15,
6905 Florø

OPNINGSTIDER

Måndag-fredag kl. 08.00-15.00
Laurdag: Stengt

Svend Arne Vee
Redaktør
Mob. 908 47 465
svend@firdaposten.no

REDAKSJON:

Dag Nesbø Frøyen, Journalist/vaktsjef,
Mob. 916 08 361 / dag@firdaposten.no

Linda Regina Bruvik,
Journalist, Mob. 994 25 266 /
linda@firdaposten.no

Liv Standal,
Journalist, Mob. 992 94 623 /
liv.standal@firdaposten.no

Arve Solbakken,
Journalist, Mob. 911 77 331 /
arve.solbakken@firdaposten.no

Arne Hjorth Johansen,
Journalist, Mob. 993 64 784 /
arne.johansen@firdaposten.no

Egil Aardal,
Journalist, Mob. 911 02 373
egil.aardal@firdaposten.no

REDAKSJONEN

redaksjon@firdaposten.no

MARKNAD

Hanne Lid,
Medierådgjevar, Mob. 951 98 509
hanne@firda.no

ANNONSE

Privatannonser: annonse@firdaposten.no

Bedriftsannonser: marked@firdaposten.no

TRYKK

Hordaland Trykk og Distribusjon as, Voss

ABONNEMENT

Prisar finn du på firdaposten.no

IKKJE FÅTT AVISA?

Gå inn på min side:
firdaposten.no/kundesenter
Bestilling av abonnement:
firdaposten.no/bestill



FULLT: 389 besøkende på tredje framsyning av Havfolket onsdag 28 januar. Det må vere mange år sidan det var så mange folk på kino i Florø.

FOTO: ARNE HJORTH JOHANSEN

God start på kinoåret:

Desse har gått best i Florø

Det vart selt over 1,5 millionar kinobilletter dei to første månadene i år. Det er ein auke på 13 prosent samanlikna med same periode i fjor.

NPK OG ARNE HJORTH JOHANSEN

Totalt vart det selt 1.563.116

kinobilletter på norske kinoar i januar og februar, ifølgje ei pressemelding frå bransjeorganisasjonen Film & Kino.

I heile fjor vart det selt 8,4 millionar billetter i Norge, men administrerande direktør Espen Lundberg Pedersen i Film & Kino trur på vesentleg betre kinobesøk i år enn i fjor.

- Eg trur framleis at me passerer 10 millionar selde billetter i år, seier Pedersen.

Det er filmen «The Housemaid» som er den mest besøkte filmen i Norge i år. Den hadde premiere 16. januar og er no oppe i 189.992 selde billetter. Bak følger «Flåklypa - Fra Paris til pyramidene» og «Avatar: Fire and Ash», som begge hadde premiere imot slutten av fjoråret.

Også norske filmar som «Kraken», «Havfolket» og «Af-feksjonsverdi» er inne blant

dei 10 mest sette filmene i år.

- Det er ingen tvil om at norsk film er inne i ein svært god periode, både nasjonalt og internasjonalt, seier Pedersen.

I Florø kan ein og vise til eit svært godt kinobesøk til no i år, og det er spesielt ein film som dreg opp gjennomsnittet. Havfolket har vore vist for 1169 besøkende til no.

Kraken, Flåklypa og The

Housemaid har også gått bra i Florø.

Totalt har det vore 2907 besøkende på Florø kino i årets to første månader. Det er ei auke på 44 prosent.

NB: Journalist Arne Hjorth Johansen har ein ekstrajobb på kinoen i Florø. Det er han som har henta ut tala for Florø kino.